HJELMELAND KOMMUNE

RYCON AS
Fjelltunvegen 3
4103 JØRPELAND

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	26/443 - 2	Ingunn Varanes Tlf.	13.04.2026

Delegert vedtak - Rammesøknad - 63/1, - REHAB SKILØYPE

Tiltak:	
Byggjestad:	Gbnr: 63/1
Tiltakshavar:	HJELMELAND IDRETTSLAG Postboks 35 4148 HJELMELAND
Ansvarleg søkjar:	RYCON AS Fjelltunvegen 3 4103 JØRPELAND

Vedtak
Hjelmeland kommune godkjenner søknad om løyve til rehabilitering og vedlikehald av skiløyper på ovannemnde eigedom, med dei endringar som er lista opp. Endringane er nærare omtala og illustrert nedanfor.
Endringar:
- Det vert gitt løyve til etablering av snarvei mellom M22 og M36. Snarvei skal følgje eksisterande spor.
- Det vert ikkje gitt løyve til «snarvei 1» av omsyn til naturverdiar.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:
- Rameløyve gir ikkje adgang til å setta i gang arbeider på byggjeplass.
- Port/inngjerding må utformast slik at det ikkje stenger for ålmen ferdsel til fots/på ski.
- Det skal ikkje gjerast inngrep i areal registrert med naturtype sørlig nedbørdmyr, som grensar til skiløypa. Utførande entreprenød må gjerast kjend med desse lokalitetane.

Før mellombels bruksløyve/ferdigattest kan bli gitt, skal følgjande vere oppfylt:
- Innlevert sluttført gjennomføringsplan

Gebyr

Type	Merknad	Pris	Mengde	Beløp	Mottakar
2026: Byggesak andre tiltak § 20-1		9500	1	9500	HJELMELAND IDRETTSLAG

Saksopplysningar
Naboar er varsla og har merknader til tiltaket.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Dato	Kl	Journaldato
Rycon AS Rycon AS	SØK Heile tiltaket PRO jf. erklæring	24.03.26 24.03.26	1	24.03.26

Teikningsdokumentasjon / Storleik
Løyvet er basert på teikningar dagsett 10.12.2025 med journaldato 24.03.2026.

Innkomne uttalar
Det er kome merknad frå to naboar: Eigar av 51/1 bed om oppgang av eigedomsgrenser før arbeidet vert godkjend. Eigar av 63/87 bed om at grunneigar fåt nøkkel til port for å kunne nytte anlegg til uttak av skutt vilt, vedhogst etc.

Ansvarleg søkjar opplyser at det er oppretta kontakt og pågår ein prosess ang. Eigedomsforhold, og at ynskje om tilgang til port vert imøtekome med føresetnad at bruk ikkje hindrar organisert aktivitet eller skadar skiløypene.

Kommunen vurderar merknadane som ivaretatt så langt det er relevant for byggesaka.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø
Den omsøkte traseen er i all hovudsak samanfallande med eksisterande skiløype, og det er grunn til å tru at naturmangfaldverdiane i den eksisterande løypetraseen er begrensa. Traseen som i søknad er merka som «Skiløype snarvei 1» er ny. Denne går over område med registrert naturtype Sørleg nedbørsmyr.

Den aktuelle lokaliteten er registrert med sværs høg kvalitet. Det er grunn til å tru at dei inngrep som følgjer med ved etablering av skiløype vil vere negativ for lokaliteten. Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet er godt, men det er frå søkjar si side ikkje levert noko vurdering om kor vidt tiltaket vil påverke naturverdiane. Ut frå føre-var prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, vurderar ein derfor at denne delen av tiltaket ikkje bør gjennomførast av omsyn til naturverdiane. Dette er imidlertid ikkje til hinder for gjennomføring av dei resterande delane av tiltaket, då dei ligg utanfor området for naturtypen.





Utnitt frå søknad for aktuellt område til venstre, til høgre er utsnitt frå Temakart Rogaland

med område for naturtypen synt med lilla flate. Omtrent plassering av omsøkt skiløype synt med raud linje.

Vurdering og konklusjon
Tiltaket vert vurdert etter §§ 20-1 bokstav a jamfør 21-4 i plan- og bygningslova, samt forskrifter til denne.

Området er i kommuneplanen avsett til LNF område, med omsynssone friluftsliv. Tiltaket er i samsvar med føresegnene i gjeldande kommuneplan for området. Ei føresetnad for at tiltaket er i samsvar med kommuneplan er at oppsetjing av port/gjerde ikkje hindrar ålmenta si tilgang til å drive friluftsliv.

Etter dialog med søkjar har ein kome til at det kan takast med ein snarveg som ikkje er synt i søknaden. Snarvegen er i bruk i dag og traseen er godt synleg på flyfoto. Plassering er synt nedanfor på utsnitt frå søknaden, med raud linje som markerar snarvegen.



Ut frå omsyn til naturmangfald vert ny snarveg synt som «snarveg 1» i søknaden ikkje godkjend. Det er omtala nærare i vurdering av naturmangfald ovanfor.

Det skal etablerast gjerde og port for å sikre at løypa ikkje vert øydelagt av motorisert ferdsel. Søkjar har opplyst at dette skal utformast slik at det ikkje er til hinder for fri bruk av løypa til fots eller på ski.

Kommunen har elles ingen merknader til tiltaket.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak
Kommuneplanen sin arealdel 2019- 2031.

Lover, føresegner, rundskriv
Plan- og bygningslova
Byggsaksforskrift
Byggteknisk forskrift til plan- og bygningslova
Forureiningsforskrifta
Naturmangfaldlova

Føresetnader med heimel i lovverket
- I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
- Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekka med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.

- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Klagerett
Du har rett til å klage på vedtaket. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen går ut.

Meir informasjon om klagerett kan du lese i Forvaltningslova.

Med vennleg helsing

Ingunn Varanes
Saksbehandlar byggesak og arealplan

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur, dette i samsvar med interne rutinar.

Kopi til:

Gry Fagerland Sjursen			
IVAR IKS Renovasjon Ryfylke	Fiskåvegen 265	4120	TAU
Raymond Ur Helland	Fjelltunvegen 3	4103	JØRPELAND
Rolf Arne Olsen			
Torill Berge			